



EITT BEIN PÅ JORDA OG EITT I HIMMELEN

Næmmen, der stårn.
Også midt i dieselrøyken da dere,

nesten rett opp og ned.
– Regnbuen.

Heia regnbuen,
tør vi spørre, hva er det du vil oss,
også akkurat nå
i en tid som denne her.
Joda. Ett bein på jorda og ett i skyene.
Vi vet det. Vi bare står og koper
akkurat som unger. Med snørr på.
Kanskje er vi daue nå, uten at vi vet det.
For dette er rart, nesten
mistenklig.
Flott portal. Matematisk helt perfekt.


Joda, vi ser deg.
Nesten som en duft.
Et hemmelig signal
– kanskje en hån.
Ett bein på jorda, ett i himmelen. Helt korrekt.
Velvel.
Se der
forsvant den.

Rolf Jakobsen (1907-1994)

Diakoni er det ein gjer

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorgen for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Den norske kyrkja har denne visjonen: Meir himmel på jord, skrive ned i diktform av Rolf Jakobsen. Eitt bein i himmelen, og eitt på jorda, fungerer godt også som ein diakonimetafor. Det gjer og regnbogen, Guds håpsteiken til Noa etter den store flaumen. Men regnbogar



forsvinn fort. Slik det kan vera med diakonien. Forsvinn fordi det handlar om mykje om relasjonar, og varmen i ein relasjon let seg vanskeleg talfeste. Relasjonane lever sitt eige liv. Så kan også diakonien forsvinne i det kyrkjeleg arbeidet, midt mellom kyrkjelege handlingar og ting knytt til kyrkjebygg og anlegg. Slik sett er diakonien gudstenester mellom sundagane. Etter mitt syn er det heilt avgjerande for diakonien at det finns diakonstillingar . På 1980—talet byrja tanken om å få tilsett ein diakon i Vest- Telemark prosti. Framsynte kyrkjefolk , i og utanfor Vest- Telemark, allierte seg med sentrale så vel som lokale politiske krefter for å få til ei fagstilling i diakoni her.

Det vart til landets første prostidiakonstilling med Per Emanuelsen.(Bilete t. h. syner vigslunga 10 januar 1985.) Om nokre få dagar er det 40 år sidan. Det at pengar vart løvvde til stilling den gongen, og ikkje berre aktivitet har vore avgjerande for at stilling framleis lever. Stillingar er avgjerande for auka diakonal innsats. Det handlar om å fagleg prioriteringane i eit stadig meir kompleks samfunnslandskap.

På Kyrkjemøtet i Trondheim i år vedtok ein nye tildelingskriteriar for diakonale løvvingar Den såkalla Aktivitetsmodellen. (KM – sak 13/24) vann fram. I ei oppsummering til denne saka skrive Kyrkjerådet:

Tilskudd til diakonstillingar er knyttet til kommunenes finansiering av sin andel, og Kirkerådet ønsker ikke å sette dette i spill ved å gjøre stor omfordeling av disse tilskuddene. Forskjellen mellom dagens forvaltning av dette tilskuddet og en forvaltning i aktivitetsmodellen, vil være at bispedømmerådet følger opp at tilskuddet fører til aktiviteter, samt at fellesrådet enda tydeligere enn i dag har frihet og ansvar når det gjelder hvem som tilsettes og hvilke utgifter dette medfører.

Gjennom Diakonatet i Vest- Telemark med eit valt styre, og Tokke som vertsfellesråd, er diakonen overlete det faglege ansvaret for diakonien, innafor samarbeidsområdet. (Paragraf 2 og 3 i Tenesteordinga for diakonar seier noko om dette ansvaret.)

Diakonien som breiband

Diakonien er på eit vis kyrkjas infrastruktur. Eit slags kyrkjelege breiband, som stadig må bli oppgradert.

Diakonien har ved sidan av å bygge gode fellesskap i kyrkjelyden, og ei viktig samfunnsside. Ei slags overføringsline mellom kyrkje og samfunn. Liner der innsatsen går begge vegar, og tillitsfullt samarbeid gjer det trygt. Det vere seg i Psyko- sosiale kriseteam, Verdiseminar, gjennom samarbeid om pilegrimsvandringar ,i sorggrupper, markering av Verdsdagen for psykisk helse, samtalegrupper for pårørande til menneske med demens eller i Etisk-refleksjonsgrupper.



I dei fyrste kristne kyrkjelydane vart diakonane sende ut frå kyrkjelyden, til periferien, til dei sjuke og fattige, dei utstøyte i kyrkje og samfunn. Dei me seinare har kalla marginalisera.

Frå utkantane av dei menneskelege fellesskapet skulle diakonen ta med seg historiene og røynslene til dei han hadde møtt, slik at biskop og kyrkjelyd kunne finne måtar å hjelpe på. Slik kom dei lidande i sentrum, og diakonien vart ikkje lettvint vedheng til trua, men ein umisseleg del av ho.

Så er me alle bedne om å vera hender og føter på trua. Kristus har ikkje nokon hender og føter utan våre. Diakonien er ein del av kyrkjas samfunnsarbeid. Diakoni bygger på Jesus tankar å skape rettferd.

Praktisk diakoni tyder å ta tak i oppgåver som ingen andre gjer. og ikkje minst gå imellom, vera som olje i det store samfunnsmaskineriet. Utan diakonien blir det «missing link» i kyrkjelyden.

Dette leier til ein viktig definisjon på diakoni : Å gjere det som ingen andre gjer. Det er ikkje noko fiskfakserei i det, meir å sjå kva som kjenneteikna Jesus sine prioriteringar. Nokre små barn, ein fattig tiggjar, Sakkesus i eit morbærtre, ei kvinne ved ein brønn eller ein redd Nikodemus som måtte kome om natta. Diakoni er på mange vis gudstenesta mellom sundagane:



Diakonkvardag.

Det hender at eg tel over kor mange folk eg møter gjennom veka. Årets teljing var i Veke 51.

Det starta med å sjekke Kirkens- Nødhjelp bøsse på torget på Dalen mandag morgen. Vidare var eg innom Coopen på Dalen for hente dei siste matkassene til utdeling. (3)

Vidare til Fyresdal i eit møte for å planlegge det interkommunale kurset for Psyko- sosiale krisegrupper, med leiarane av teama i Nissedal og Fyresdal (2).

Så kom det ein telefon om eg kunne kome innom eit menneske som gjerne ville støtte Matkasse- prosjektet. Det var ein grei avstikkar. (1). Dessutan fekk eg levera ut tre matkasser. (2)

Kvelden vart nytta på ei Sorg- gruppe i Brunkeberg. (6). I denne gruppa var det folk frå Seljord, Kviteseid og Vinje.

Tysdagen starta med at 60 menneske frå Vaksenopplæringsane i Tokke og Vinje kom til Adventstund i Nesland kyrkje. Her møtte dei prestane i Tokke og Vinje samt organist Vaida Lamsodienne og kyrkjetenar Knut Rune Tveiten . Julesongar, klementinar og gode folk er ein fin kombinasjon. Kl. 12 var der Treffetid på DPS i Seljord, (12). Kvelden vart nytta på Stabsfest i Kviteseid, ein gode tradisjon med gamle og nye tilsette. (15)

Onsdagen starta med ei par avtaler (2) , før det var julebord i Gå- vidare gruppa i Åmot (5). På kvelden var eg nisse på festen for Lundenjordet- i regi av Diakoniutvalet. (20).

Innimellanom nokre avtaler(2) var det tur med Dagsenteret på Midtsundtoppen til Fjågesund kyrkje (4). Vidare til DPS sitt julebesøk i Seljord kyrkje. Vel servert av kantor Kjetil Bergheim og diakon Ingunn Liseter(7)

Fredagen vart det tre avtaler (3) , og ei Etisk – refleksjonsgruppe på KOS i Kviteseid. (10)



Det skulle bli møter med det om lag 150 menneske. 150 levande menneske gjorde diakonveka mi meiningsfull.

Samfunnsendringar krev nye tankar og tiltak i kyrkja

I min oppvekst tala ein om at han eller ho hadde vorte åreforkalka, senil eller at ein vandre i barndomen.

Det tydde at ein byrja og vase og gløyme. I dag har denne lidinga mange andre namn som demens , Alzheimers og Lewy body.

Stort sett så får dei som får desse lidingane hjelp. Men tilboda til dei pårørande er kanskje ikkje like godt utvikla?

Som diakon, med fagbakgrunn, som sjukepleiar, har eg dei siste åra freista å lage nokre samtalegrupper for pårørande til menneske med demensslidingar. Opplegget vert kalla Kvileplassen, og ønske er at menneske med omsorgsoppgåver finn kvile og oppmuntring i kvarandre, gjennom delinga av liv og historier. Slike grupper finns i Tokke og Nissedal, og sist år er det starta ei i Vinje i samarbeid med Demenskoordinator der.

Statistikken fortel at 1,88 prosent av befolkninga i Noreg (2020) har ulike demensformer. I 2030 vil dette talet vera 2,48 %, kjelde demenskartet.no

Tala i parentes er framskrivne 2030- tal . For Fyresdal sin del tyder det 2,41 % av folketalet har demens (43 personar). Vinjes tal er 2,34 %. (119 personar). Tokke 2,68 % (71), Nissedal 2,35 % (49) og Kviteseid 2,66 % , (85)

Gangar ein det opp med fire- fem, får ein eit tal på kor mange som meir eller mindre er råka. Kunnskap er ein viktig ting i dette feltet. Som diakon har eg undervist på Pårørandekurs både i Kviteseid og Fyresdal.

Så er spørsmålet korleis Den Norske Kyrkja lokalt tek inn over seg dette det stadig aukande talet på folk som treng ekstra forståing og tilrettelegging?

Kva konsekvensar får dette for gudstenester og samlingar, både i kyrkjene på institusjonane. Korleis bli ei meir demensvenlege kyrkje? Det er viktige spørsmål i diakonien framover.

I samband med årsmøtet i Diakonatet i 2023, vart det lansert ein tanke om å utvide Diakonatet med stilling, gjerne knytt til arbeidet mot demens. Etter ei runde til dei ulike fellesråd/sokneråd legg ein førebels bort denne ideen. Men ikkje tanken på ein større innsats mot eldrebylgje og auka demens i samfunnet.

Ein held fram med samtale grupper for pårørande til menneske med demens. («Kvileplassen» slik det er utvikla i Tokke og Nissedal, og nye grupper på gang i Kviteseid og Fyresdal.)

Nærvar – og vaketeneste på sjukeheimar og i heimesjukepleia, er absolutt verdt å sjå nærmare på. I framtida kan me kome til å mangle folk som kan sitte hjå døyande. Det kan vera ein føremon at denne frivillige tenesta går over fleire kommunar, gjerne heile nedslagsfeltet til Diakonatet. Det er gode andakt- tenester på alle helsecenter i regionen. Men her kan det også vera behov for friviljuge til å støtte opp under desse samlingane.

Det er eit mål å støtte tilsette innan helse gjennom Etiske-Refleksjon, undervisning og fagsamlingar om Åndeleg/eksistensiell omsorg.

Som diakon har eg dei siste åra jamleg leida Etiske – refleksjonsgrupper i Kviteseid, Tokke, Vinje og Fyresdal samt DPS i Seljord.

Matkassediaconi

I vårt velferdssamfunn det ikkje så reint få som slit med økonomien. Jesus ord frå Bergpreika har også ei bokstavelege side.


«Sæle de fattige. Guds rike er dykkar. Sæle de som no svelt! De skal mettast. (Lukas kap.)

Diakonatet dei siste 22 åra delt ut matkasser til jol. Dette er meint å vera ei jolehelsing og ei oppmuntring til jol. Takka vera handslag frå private så vel som kommunar let det seg gjere. I det sist kommunestyremøte før jul løyvde Vinje kommune 50 000 til slik hjelp. Det er me takksame for, og ser det som eit uttrykk for tillit og ei tru at kyrkjas diaconi har den naudsynte kompetansen til å vurdere hjelpetrongen. Til å hjelpe meg med dette oppdraget har eg ei Støttegruppe med eit medlem frå kvar av dei fem samarbeidskommunane.

Som diakon er det fint å få reise rundt med dette handslaget frå kyrkja og diaconi.

Vel 20 matkasser vart delt ut til jul, i tillegg til dei 10 som er delt ut tidlegare i år.

Likevel er det ein bismak i det heile. I matposediakonien ligg det også ein kritikk av samfunnet. Målet må vera at våre velferdsordningar i størst mogeleg grad hindrar at folk blir avhengige av slik hjelp.



Vikar

Det engelske ordet for prest er vicar. På norsk er vikar ein som trår til når trengs. Det siste året har det vore ekstra bruk for litt kyrkjeleg naudhjelp grunna sjukdom og vakanse hjå presteskapet. Som tidlegare nemnt handlar diakonien om å tette hol, trå til, gå imellom og gjerne vera ei naudløysing. Dette året har det blitt mange gravferder og gudstenester. Slik tenester kan forbundast med å vera prest, men min tanke er at når eg gjer presteeoppgåver som t.d gudstenester gjer eg det som vigsla diakon.

Siste år har eg leia fjorten gudstenester, i tillegg delteke på tolv i samband med Diakoniens dag, Helgemesse, vistas, og i tillegg har eg forretta 23 gravferder/bisettingar.

Så undrar det meg at eg framleis går under nemninga LEK gudstenesteleiar når eg gjer det, (Ifølgje Tenesteordninga for biskopar paragraf 10.) Eg har ikkje noko ønskje om å overta sakramentsforvaltinga. men det hadde vore fint om kyrkja ordna opp i ordbruken knytt til leke og vigsla. I vanleg språkbruk kan lek bli assosiert med ulærd. Det gjer ikkje så mykje, men det er heller den leie kjensla av somme tenester ber eit B- stempel.
(Mi vigsling 9.05.1991 fv.
Torfinn Moen, Halvor Bergan, u.t., Einar Erikstein, Bernt Olav Karlsen, Anne Grete Lofthus og Per Emanulsen.)



«Den barmhjertige samaritan var ikke hvem som helst langs veien, han hadde kunnskap og utrustning til å være diakon. De profesjonelle var på plass i hverdagens diakonale praksis. Esel, olje og vin, ikke minst fagkunnskap, og et vertshus å bringe den nedslatte til. Som prestene har sin vin og brød, sin sakramentsforvaltning, er det diakonale sakrament menneskemøtet som skaper endring, eller i det diakonale språket forvandling, forsoning og myndiggjøring, som tydeliggjør den faglige egenarten og den diakonale ordning.»

Frå ein kronikk i Vårt Land av Gudmund Johnsen Wisløff/ Eilev Erikstein (12.09.24)



Håp til handling

I verket «Frykt og beven» frå 1843 utforskar den danske filosofen Søren Kirkegaard va det vil seie å ofre noko. Bakgrunnen er historia frå

Det Gamle Testamentet om Gud som ber Abraham ofre sin son Isak. Så kan ein spørje seg om ikkje det å ofre seg, rett og slett er noko som høyre heime i gamledagar, for ikkje å seie i Det Gamle Testamentet?

I «Avsluttende uvidenskaplige Eferskrift», nemner filosofen tre steg som representer moglege levemåtar for mennesket.

Det estetiske, det etiske og det religiøse. Det første stadiet handlar mest om nytting, det etiske at ein vel å engasjere og ta ansvar for livet.

Til slutt kjem ein til det religiøse, kor ein gjev seg over til noko/nokon ein tenker er større og sterkare, i Kirkegaards verd er det Gud.

Overgangen mellom dei ulike stadiane skjer ved eksistensielle sprang.

Subjektet kan ikkje tvingast, men må velje å ta spranget. Eg vonar at klimavona kan få fotfeste i ulike religiøse samanhengar.

Så kjenner meg teit, når eg lagar ei arrangement kalla « Klimabål på Tangane.».

Vil helst ikkje fronte det, men kjenner meg tvinga. Kva kjem etter oss? Korleis vil verda bli for mine barnebarn?

No er det naturen som er vår neste.

Naturen kring oss som treng at noko får *inderleg medkjensle*.

«Etter hvert som tiden går, er jeg blitt klar over at vår respons ikke har vært god nok. Imens er den verdenen vi lever i, i ferd med å kollapse, og vi nærmer oss muligens et bristepunkt, skriv pave Frans i rundskrivet «Laudate Deum. (2023) med under tittel: Til alle menneske av god vilje.

Sist ord har eg teke til å prøve ut eit opplegg for Natursorggrupper. Benedikte Nes og Britt Eide Lio frå Tokke, to gode samfunnsmenneske frå Tokke har vore sentrale i utviklinga i av Natursorggruppe-konseptet. Tanken er at uro kan delast, og kanskje bli til engasjement. Biletutstillinga om etiopiske kyrkjeskogar – i samarbeid med Vest-Telemark Museum- og Fasteaksjonen er ein del av den same mobiliseringa. (Bilde Tilman Hartstein og Benedikte Nes frå VT Museum)



Pilegrim er ein som finn fram til andre og seg sjølv

Eg har snakka meir om far min sitt sjølvord på denne vandringa, enn i alle dei femten åra sidan det skjedde. Takka vere fellesskapen med dykk!

Slik let det nede i Bruhølen i Røldal 9 september 2024 i halv – tolv tida. Det var siste dag av Vandring For Forandring. Med på vandringa var ti menn som alle hadde mista nokon i sjølvord.

[Vandring for forandring 2025 - RVTS Sør](#)

Årsrapport frå Prostidiakonen i Vest- Telemark 2024

Pilegrimsvandringar er så mangt. Men det er heilt klart det tema som etter kvart vert forbundet med diakoni. Det er fint fordi det er mykje diakoni i vandringar som «Å vandre med håp , Vandring for Forandring , med på vandringar med Kvitsund og nytt av året ein dags vandring frå Svandalsflona til Røldal i samarbeid med Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme. Sidan 2017 er FNs Flykningedag markert i Vest- Telemark. I år i skjedde det i Vrådal i saman med Smaken av Fjell Telemark med Sigrid Tellefsen som primus motor, i samarbeid med Flyktingtenestene i Nissedal, Seljord, Kviteseid, og Sanitetslaget i Vrådal.



Utanforsk og beredskapsven.



Dette er to aktuell ord frå 2024. Beredskapsven vald til årets nyord. I den diakonale handling og haldning hører begge orda med. Somme gonger er det så enkelt at det kan kokast ned til ei setning; Bli med her! Det finnes mange døme på at dette enkle utsegnet har endra liv, og drege menneske inn i fellesskap. Eit kjapt oversyn over frivillige knytt til diakonien gjennom diautval, matkasseutval, pilegrimsmedhjelparar, frivillige på Kvileplassen blir talet 50 stykk.

at det ikkje finst andre stader å gå
for når vi har sett at det ikkje finst andre stader å gå


for når vi har sett det er då det er tid for å gå
då må ein berre gå, utan å gå
det er då vi kan gå
og då, slik skal det vere, må ein først
få sett kva som ikkje finst
og så må ein gå mot stader som ikkje finst
stader som likevel finst og som liknar på kjærleik
for det verkelege kan likne på kjærleik

(Jon Fosse i Hund og engel)

Statistikk Samtaler 2020-2024

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-----------|------|------|------|------|------|
| Nissedal | 15 | 10 | 36 | 18 | 18 |
| Fyresdal | 63 | 78 | 73 | 35 | 48 |
| Kvitseid | 40 | 88 | 92 | 98 | 101 |
| Tokke | 108 | 134 | 128 | 142 | 126 |
| Vinje | 83 | 124 | 117 | 171 | 140 |
| Skogsleir | 3 | | | | |
| DPS | 20 | 29 | 30 | 25 | 30 |
| Sum | 378 | 463 | 446 | 464 | 463 |

samtaler 2020 - 2024



Oppretting og oppfylging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal.

Det er no diakoniutval i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Sist året har Vinje kome til med nytt utval.

Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar.

Så vidt eg oversyn over har desse sokna har oppdatera

Diakoniplanar; Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal.



Forkynning og undervisning om diakoni. Dette skjer gjennom gudstenester (26), diakoniundervisning for konfirmantane, kursverksemrd, diakoniutval- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad, og gjennom podcasten «Diakonalgang.»

Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidrarar. Så godt som råd blir det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet er at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samling. I år var Fyresdal vertskap, og Krosslimusikken fekk Diakoniprisen.

Samarbeid med sokneråd og kyrkjelege tilsette. Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Eg har møtt diakoniutvala i Nissedal, Kviteseid og Tokke, samt sokneråda i Vinje/Nesland, Nissedal, Eidsborg/Mo og Skafsdå. Elles delteke på samt stabsmøter i Tokke og Vinje, og to Konvent saman med prestane i Vest- Telemark. Verdiseminaret i Vinje vart halde for 21. gong, og er ein god arena for ta opp viktige saker. I år handle det om det Livsynopne samfunn. (Innleiarar på Verdiseminaret. Asgeir Sele, Jon Rikard Kleven, Harald Hegstad, Kristian Rantala og Bjørnar Christensen)



Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper. Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe i Åmot. (5 gonger med 25) I samband med Helgemesse vart det ulike typar sorgsamlingar (Sorg med vaffel til, Bedehuset i Treungen, Om nye teoriar i sorgarbeid, i samarbeid med Psyk- helse og Rus og Biblioteket på Dalen, Sorglunsj på Kyrkjekontoret i Vinje, Sorgsamling i Kyrkjelydshuset ved kyrkja i Kviteseid, Sorglunsj på Kyrkjekontoret i Fyresdal og. Samla tal på deltakar på desse stunta var: 28.

I samarbeid med prest og kyrkjeverje i Fyresdal er det starta ei Sorg- lunsj gruppe (Tre samlingar med 20 deltakarar.) På Kvitsund held den gamle tradisjon med Guys -group" fram (2 gong med 8) deltakarar). «Kvileplassen» i Tokke er halde tre gonger med 10 deltakar. Kvileplass i Nissedal i samarbeid med Frivillig- sentralen. (6 gonger med 24 deltakarar). Samarbeidet med demenskoordinator Marianne Eriksen i Vinje held fram. Eg har delteke på tre Pårørande samlingar (18 deltakarar). Seinhausten var det etablert ei ny Sorg- gruppe med Astri Bye Ramberg, frå Diakoniutvalet, som med leiar. Deltakarene her kjem frå Kviteseid, Seljord og Vinje. I samarbeid med Psyk- helse i Tokke, har ein hatt ei Sorggruppe på Dalen det siste trekvaråret. Med fire deltakarar.

Diakon ved DPS i Seljord

Sidan 2011 er prostidiakonen hyra inn får gje diakonale tenester til DPS i Seljord. Det er gledeleg at DPS overlevde trugsmålet om stenging denne hausten grunna psykiater mangel. Mi teneste ved DPS handlar om samtaler og Livssynsgruppe gjennom treff-tider annankvar veke. Talet på samtaler er 30, og det er halde 14 gruppessamlingar (Livssynsgruppe) med 36 deltagarar. Nytt av året er også tilbodet til tilsette om Etiske- Refleksjonsgruppe. (4 gonger med 26 deltagarar). Rett føre jul var det besøk i Seljord kyrkje , for to pasientar og sjukepleiarar.



BM: PSYKIATER SØKJAST

Siste veke kom det melding om at Døgnavdelinga på DPS i Seljord må legge ned om ein ikkje får på plass psykiater. Skjer det forsvinn eit fagleg oppegåande , varmt og dyktig fagmiljøet. Sidan 2010 har eg vore diakon ved DPS; tilgjengeleg for samtaler og ansvar for ei Livssynsgruppe. Så kvaliteten på arbeidet her kjenner eg. Så er det diakonal oppgåve er å heve stemma for dei som ikkje sjølv så lett får det til.

Det er ikkje tvil om at DPS i Seljord er ein god stad å vere når ein treng hjelp psykisk hjelp og støtte. Ved å legge ned DPS i Seljord misser ein ei institusjon som tener heile Øvre – Telemark. DPS er med på å reduserer bruk av tvang fordi dei gjennom mange år har fått godt kjennskap til pasienten. I Seljord har ein « Brukarstyrte senger». Det vil seie at pasientane sjølv kan be om plass i nokre dagar for kom kome seg unna ein trugande depresjon, eller få skjerma seg nok til å få hovudet på plass. Samstundes har ein eit godt og solid ambulant team som styrker tenesta i kommunane. Kva nedlegging tyder for dei einskilde, for folk og nettverk rundt, er ikkje råd å få sagt? Ingen er tvil om at ein treng desse plassane, og denne gongen handlar det ikkje om at sjukehuset må spare, men rett og slett om avdelinga ikkje får søkjavar til psykiaterstillinga. (Diakonispalta i Vest- Telemark Blad 1.10.24)

Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege

livssituasjonar. Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. (To til Vinje, to til Kviteseid og ei til Nissedal.)

Fra nyttår til hausten fungerte undertekna som leiar av det Psyko- sosiale kriseteamet i Nissedal.



Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (49). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte (37). I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har Facebook-side. No er det 1,4 k som likar ho. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. I Vest- Telemark Blad har det og stått kronikkar knytt til påske, pinse, Helgemess og jul.

I 2019 blei det lansert ein podcast kalla «Diakonalgang». Ved årsskiftet er dei lasta ned dryge 5092 gonger . Ni nye episodar er er lagt ut dette året. (Søk etter diakonalgang)

Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ. Prostidiakonen er med i dei Psyko- sosiale kriseteama i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Elles er det gjennom året vore kontakten med Vest-Telemark Rådet, ulike skular, NAV, barnevern og KVITO. Ved eit høve bad Barnevernet meg leie ei minnestund for pårørande. Ei store glede er samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane, KVITO og DPS) om ”Å vandre med håp”. Vandringa vart gjennomført for 16. gong. Eit positivt og viktig verv er det også å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest-Telemark.

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatet har eit valt styre. Styreleiar er Gunnar Øverland frå Tokke. Tokke kyrkjelege fellesråd er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Aktivitet i dei einskilde fellesrådsområda.



Vinje. To stabsmøter / leia ei Gå - Vidare gruppe (5 samlingar/ 56 deltarar/ leia ei gravferd og deltek i ei/ leia 2 gudstenester og delteke i seks/ delteke på påskegudstenester på Vinje Helsesenter og Nordheimstunet/ saman med Styret for Diakonatet ansvarleg for Verdiseminaret: Om det livsynsopne samfunn / vore med konfirmantane på pilegrimsvandring Rauland (2 samlingar)/ undervist konfirmantane i Grunge og Vinje (2 timer)/ medansvarleg for Adventssamlinga for Vaksenopplæringa i Nesland kyrkje/ to soknebod/ vegleiar i Prosjekt Førehandssamtala (1 samling med 4 deltarar) / (Bilde Robertas Lamsodis og Tor Eivind Erikstein (tv)/ delteke på Mangfaldsgudsteneste og Litteraturgudstenesta i Vinje



kyrkje samt arrangert Kyrkjevandring til Litteraturmess / delteke på Open kyrkje i Øyfjell i samband med ei ulukke/ delteke i gruppe for pårørande til menneske med demens/ delteke på soknerådsmøte for Vinje/Nesland/ medansvarleg for Diakoniens Dag i Grunge og Arabugdi/



Kviteseid: delteke på Diakonidag i Kviteeid kyrkje/ leia Helgemessegudstenesta/ Delteke på Open-sorggruppe i Brunkeberg, samarbeid mellom Kviteeid og Seljord (2 gonger 5 deltakar)/ vore med konfirmantane på pilegrimsvandring til Kviteeid gamle kyrkje/ andakt på to føremiddagstrekk på Misjonshuset/ i lag med lærar Hamish Moor på Kvitsund Gymnas leia ”Guys – Group” 2 gonger

med 8 deltakarar/delteke på to diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besökstensta i Kviteeid/ delteke på Adventsfest for Lundenjordet arrangert av Diakoniutvalet/ delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas (2 dagar på Haukelifjell/ vore med Dagsenteret på Midsundtoppen på to turar/ delteke på Trygg i Vatndag for Ungdomskulen i Kviteeid/ delteke på ei VIP- samlingar på Kvitsund/ to soknebod/ medansvarleg for Flykningedag i Vrådal i juni og førjulsamling for flyktningar på Straand Hotel (i regi av TIRU)/ delteke på to møter i Psyko- sosialt kriseteam./ Leia 14 gravferder i Kviteeid/ Leia Etisk – refleksjonsgrupper i Heimesjukepleia og KOS (4 samlingar med 27).



Fyresdal /leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS (3 gonger med 13 deltakar) delteke på Diakoniens Dag/ leia ei pilegrimsvandring for konfirmantar/ saman med prest og kyrkjeverje drifta ei Sorg- lunsj gruppe (2 gonger 14 deltakarar / leia 2 gravferder/bisetting /vore med på Solidaritetsgudsteneste med konfirmantane i samband med Fasteaksjonen/ eit soknebod/ delteke ein kveld på konfirmantleir for Kviteeid/Fyresdal i Vrådal/ delteke på Pårørandekurs om Demens på Betel i regi av POS/ leia ei minnestund /



Nissedal. Tre diakoniutvalsmøter/medansvarleg for Diakoniens Dag / tre møter i Psyko- sosialt kriseteam / saman med Oddrun Rekvik frå Diakoniutvalet/ Frivillig sentralen ansvarleg for Kvileplassen, gruppe for pårørande til menneske med demens (6 gonger 28 deltagarar)/ medverka på Songkveld med Diakoniutvalet på Bedehuset i Kyrkjebygda / delteke på eitt soknerådsmøte/ leia ei gravferd/ vore på med Førebuing til Vaksenlivet med 10.klasse i Nissedal/



Tokke. Leia Askeondagsmessa på Tangane på Dalen / Fire stabsmøte ansvarleg for Kirkens Nødhjelp - aksjonen i Eidsborg/Mo/Skafsa/ leia 5 gravferder / leia ei gruppe for pårørande til demente kalla Kvileplassen/ (4 samlingar med 11 deltagar/

Deltek på Kreftkafe/ er med i redaksjonen for Kyrkjelyden/ saman med soknepresten med i arbeidet for Rui-seminaret / leia markeringa av Verdsdagen for psyk- helse på felles kveldsmesse for Tokke/ Vinje / medlem av Hus -styret for Storvegen 208/ ansvarleg for Baby- songen på Helsesenteret og kyrkjeskyss og tekstlesartenesta i E/M/S/ ansvarleg for Vaksenopplæringas besøk i Nesland kyrkje/ i samarbeid Med Guro H. Carlsen frå Psyk helse leia ei Sorggruppe/ leia Helgemessegudstenesta og to julegudstenester/ (Nina Svenssen (Bilde) leiar Baby-songen)



Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid.

Fire styremøte i Prostidiakonatet / medansvarleg for Diakonisamlinga for Vest- Telemark i Fyresdal. Ansvar for Diakonispalta og Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad /Prosjektleiar for pilegrimsvandringa frå Vågslid til Røldal med namnet ”Å vandre med håp/medlem av Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark (2 møte)/ saman med kyrkjecontora i Tokke og Vinje ansvarleg for Kyrkjas deltaking på Yrkesmessa på Vest Telemark Vidaregåande skule/

Årsrapport frå Prostidiakonen i Vest- Telemark 2024

prosjektansvarleg for Vandring for Forandring (Pilegrimsvandring for etterlatne menn) i med RVTS Sør, LEVE , Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme (ti deltakarar)/ organisert markering av FNs Internasjonale Flyktningdag , i år i Vrådal /undervist om Fasteaksjonen på konfirmanttreff i Seljord / delteke på to prestekonvent i regi av prosten i Øvre Telemark/ deltek ein dag på Stand for Kirkens Sos på Dyrskuen.(Diakonisamlinga på Betel i Fyresdal)



Saker og engasjement utanfor Vest- Telemark.

Leia to ABV- grupper (tverrfagleg kyrkjeleg vegleiing) i Agder og Telemark samt ei gruppe med diakonar i Hamar bispedøme / delteke på samlingar for ABV-vegleiarar i Agder og Telemark (4 samlingar)/ delteke på Fagdagar for diakonar Vegartun/ Sist sommar hadde eg igjen ei vekes engasjement som sjukehusdiakon på Diakonhjemmet, Oslo, ein god måte å få fagutvikling/ halde seminar om Pilegrim og involvering av frivillig på Stiftsdagen i Agder og Telemark/ Snakka om Humor i sorg og mørke på føremiddagstrekk i Farsund/ fortalt om Prostidiakonmodellen for diakoniutvala på Gjøvik/

Var engasjert i Nettkirkens Chatteteneste under Kyrkjerådet fram til juni 2024/ medlem i Diakonifaglig Råd på VID/Diakonhjemmet, dette engasjementet vart avslutta no ved årskiftet/

Årsrapport frå Prostidiakonen i Vest- Telemark 2024

Med i sentralstyret i Det Norske Diakonforbund, dette engasjement gjekk då me vart eit nytt fagforbund , SPIR, (Diakonforbundet, KUFO og Presteforeininga), men er vidare oppnemnd til det nye Profesjon styret i SPIR (Bilde syner det siste Sentralstyremøte i DNDF desember 2024)



Medlem av Fagutvalet for diakonar i samfunnsinstitusjonari DNDF / medlem av nemnda som førebudde Diakoniens Dag på Diakonhjemmet, Oslo /med på utvikle nytt Sorggruppe materiell i Agder og Telemark/ Medlem av Brukarutvalet for NAV Vestfold og Telemark/

Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Til KVITO og DPS i Seljord. Til alle gode medarbeidarar i sokneråd og diakoniutval, prestane, kyrkjeverjene og friviljuge på mange nivå.

Takk til styret for samarbeidet i 2024, og til dageleg leiar kyrkjecverjen i Tokke Bjørnar Christensen.

Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest- Telemark

(91 11 35 80)

Dalen 31.12.24